



Ålfotbreen verneområdestyre

Postadresse
Ålfotbreen verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Sandane Næringshage
Sandane Senter, 3. etasje
6823 Sandane

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3138

fmvlpost@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Ålfotbreen

Rådgevande utval for Ålfotbreen LVO

Sakshandsamar Alf Erik Røyrvik

Vår ref. 2019/11038-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 29.10.2019

Ålfotbreen landskapsvernområde - Referat etter møte i rådgevande utval 18.okt. 2019

18.10.19, Kleppenes Gard i Hyen, kl. 11.00 til 14.00

Desse møtte:

Leidulv Solvang, Ola Jan Birkeland, Dag Eliassen, Katrine Fjellestad Aske, Ragna Flatla Haugland, Rune Holen, Hege Lothe og Alf Erik Røyrvik.

Saker:

1. Opning av møtet

Styreleiar i Ålfotbreen verneområdestyre Hege Lothe opna møtet og ønskte velkommen.

2. Presentasjon av deltakarane

Alle deltakarane i møtet presenterte seg og kva dei representerer i utvalet

3. Kort innføring i Rådgevande Utval for Ålfotbreen si rolle og mandat

Verneområdeforvaltar Alf Erik Røyrvik gjekk gjennom rolle, mandat og oppgåver som ligg til rådgevande utval for Ålfotbreen landskapsvernområde.

4. Informasjon om forvaltning siste året

Verneområdeforvaltar AER greia kort ut om saker som har vore handsama i forvaltning og styre siste året:

- Dispensasjonar til motorferdsel
- Bygge- og inngrepssaker
- Administrative saker



5. Innspel og spørsmål frå utvalet til forvaltninga

Flora turlag:

- Blåbrebu toler og treng å bli brukt meir enn den vert i dag. Hytta er bygd for å ha kapasitet til skuleklassar og liknande. FT vil derfor vere positive til eventuelle tiltak for å auke merksemda og bruken.
- Det har vore gjort ein del vedlikehaldsarbeid og utbetringar på både Gjegnabu og Blåbrebu i 2019. Blåbrebu har fått nytt toalett og nytt solcellepanel. Gjegnabu har fått ei ny dør.
- Gjegnabu manglar sikringsbu. Her er heller ikkje toalett som er brukbart om vinteren. FT vil truleg jobbe med planar for å løyse begge desse utfordringane i 2020, med mål om gjennomføring i 2021.
(Nye bygg er søknadspiktig i verneområdet)

SFE:

- Veggen opp til Bjørndalen vil ikkje verte opna for allmenn ferdsel, i alle fall ikkje på kort sikt.

6. Presentasjon av tiltak siste året

Verneområdeforvaltar AER presenterte dei tiltaka som har vore jobba med, og framleis vert jobba med, i 2019:

- Utbetring av stien til Lavesteinen
- Informasjonsskilt
- Brua ved Støylsvatnet
- Stigtrinn på ruta mellom Blåbrebu og breen.

7. Tiltaksplan for 2020

Verneområdeforvaltar AER synte tiltaksplanen og gjekk kort gjennom dei tiltaka som er aktuelle for 2020.

Planen bygger hovudsakleg på tiltak frå besøksstrategien og vidareføring og ferdigstilling av påbegynte tiltak.



8. Innspel frå utvalet til tiltak i 2020

Flora turlag:

- Behov for å utbetre stien langs Støylsvatnet på ruta til Blåbrebu, og dessutan noko utbetring lenger oppe.
- Etter at stien til Lavesteinen no er utbetra og til dels lagt om, er det behov for ny skilting og merking av ruta.

Midtre Nordfjord turlag:

- No når ålmenta har fått tilgang på hamn i Mettenes, bør dette gjerast kjent, og ruta til Gullsmedhytta/Skjerdingane bør skiltast, ryddast og merkast betre
- Gruse vegen opp til parkeringsplassen på Nakkane i Hope, og dessutan sette opp skilt som viser til at det er parkering der oppe.
- Det er behov for ei ny og betre bru ved Skarvevatnet/Gullsmedhytta.

9. Ymse

Gjennomføring av møta i utvalet:

- Møtet bør vere tidlegare på hausten slik at lag og organisasjonar får betre tid til å kome med innspel og planer for tiltak som skal inn i bestillingsdialogen.
- Utvalet ville helst ha møta på kveldstid.

Referent:

Alf Erik Røyrvik
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent